



Ranveig Spjell
Grønfjellet 77
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1354 - 17/15114

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
24.05.2017

Løyve til arealoverføring - gbnr 108/90 og gbnr 108/116 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Det er søkt om arealoverføring av eit areal på 100 m². Arealet er eigd av Lindås kommune og skal overførast frå gbnr 108/90 til gbnr 108/116. Arealet ligg innafor reguleringsplanen for Kolås 1 og er i plan sett av til bustadføre mål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Det er sendt inn situasjonskart den 25.04.2017 der arealet som skal overførast er teikna inn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4, jf §§ 20-2 og 20-1 første ledd bokstav m vert det gjeve løyve til arealoverføring av 100 m² frå gbnr 108/90 til gbnr 108/116 slik det går fram av søknad.

Grensene for parsellen går fram av situasjonskart datert 25.04.2017. Nøyaktig storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Therese Urdahl Braseth

Mottakarar:

Ranveig Spjell

Grønfjellet 77

5955

LINDÅS